



## Plan og byggesak

Rili Eiendom AS  
Rossnesvegen 71  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/753 - 20/4810

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
28.01.2020

Ferdigattest for tilbygg til einebustad og bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel - gbnr 422/16, 37 Rikstad

### Administrativt vedtak. Saknr: 082/20

**Tiltakshavar:** Rili Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Rili Eiendom AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad (terasse) og bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel på eigedom gbnr. 422/16, 37.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.12.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.01.2020.

### Skildring

Adresse:	Rossnesvegen 81, 5937 BØVÅGEN
Bygningstiltak:	Tilbygg til bustad (terasse 26m <sup>2</sup> ) og bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel
Bygningsnummer:	176103264

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/753

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Rili Eiendom AS

Rossnesvegen 5937  
71

BØVÅGEN

### Mottakarar:

Rili Eiendom AS

Rossnesvegen 5937  
71

BØVÅGEN